

Floproblem på Skorpo

20.11.2013

Det er floproblem på Skorpo og grunneigar og bonde Ole Kristoffer Vågen ynskjer å heva terrenget i Skorpevågen. Sjøen kjem langt oppover bakken ved stor flo som det har vore til dømes dei siste dagane. Den fører med seg tare, kvist, material og boss og legg det att på Vågen sitt område.

Difor ynskjer Vågen å heva bakken så mykje at han slepp å rydda etterpå. Det må han gjera no, både ein og fleire gongar i året.

Vågen har skrive til kommunen om problemet og vil skyta ut masse til bruk for heving av terrenget lengst inne i vågen.

Han lovar å gjera inngrepet så skånsamt at ein ikkje kan sjå at det er gjort.

Av Ola Matti Mathisen